

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Statlige/regionale aktører

Orgnr 833333682

Namn på verksemd Sognarådet IPR

Adresse Trolladalen 30

Postnummer/-stad 6856 Sogndal

Kontaktperson

Namn Yngve Hallen

Telefon 90116005

E-post yngve.hallen@sogndal.kommune.no

Enhet i virksomheten Administrasjon IPR

Innspel

Anna

Generelle merknader

Tilgjengelegheit og tydelegheit: Planen bør vere kortfatta, lett tilgjengeleg og ha tydelege mål og strategiar. Kunnskapsgrunnlag og utgreiingar bør samlast i vedlegg, slik at sjølv planen vert meir oversiktleg og operasjonell.

Avgrensing av tema: Planen bør konsentrere seg om område der det er behov for regional samordning, og der det ikkje finst tilstrekkelege nasjonale eller kommunale føringar. Fylkeskommunale kjerneoppgåver bør stå i sentrum.

Samarbeid og rollefordeling

Lokal forankring: Kommunal forvaltning må ha lokal forankring. Fylkeskommunen si rolle bør vere å støtte kommunane gjennom rettleiing, kompetanseheving og etablering av møteplassar – ikkje gjennom omfattande retningslinjer.

Koordinering framfor styring: Der det er behov for samordning, bør fylkeskommunen innta ei koordinerende og rettleiande rolle.

Plantema og innretning

Reduksjon av plantema: Mange tema som bustadutvikling, jordvern, naturfare og klimatilpassing er godt regulert nasjonalt. Desse bør ikkje vere hovudtema i planen, men heller omtales kort med rettleiande funksjon.

Klar rolleforståing: Det bør kome tydeleg fram kva verknad planen skal ha for fylkeskommunen sitt rettleiingsansvar, og korleis planen skal fungere som rammeverk for kommunal forvaltning.

Presisering av ansvar: Når planen omtalar tema som primært ligg til stat eller kommune, bør dette presiserast innleiingsvis i omtalen av temaet, og det bør gå klart fram at fylkeskommunen si rolle er rettleiande og koordinerende.

Regionsenter og transportstruktur

Styrking av regionsenter: Transporttilbod og infrastruktur må prioriterast for å styrke regionsenter og næringsklynger. Dette er avgjerande for å sikre busetjing, arbeidsplassar og tenestetilbod i heile fylket.

Berekraftig arealforvaltning

Rettleiing, ikkje detaljstyring: Fylkeskommunen bør ha ei rettleiande rolle i regional arealforvaltning. Plan- og bygningslova har eit tydeleg formål om berekraftig utvikling, og det er viktig at dei regionale planane ikkje bidreg til ytterlegare byråkratisering.

Handel og bustadbygging: Vi stiller spørsmål ved om det er naudsynt med fylkeskommunale planføresegner for handel og bustadbygging. Dette bør i hovudsak vere kommunalt ansvar.

Krafttilgang og lokal verdiskaping: Planen bør innehalde strategiar for krafttilgang, og understreke viktigheita av lokal utnytting av kraftressursar for å styrke næringslivet og sikre berekraftig utvikling.

Mobilitet og transport

Vidareføring av eksisterande planar: Planen bør byggje vidare på Regional transportplan 2022–2033 og vere godt koordinert med Nasjonal transportplan.

Tryggleik og helse: Fylkesvegnettet må prioriterast med omsyn til tryggleik og helse.

Kollektivtilbod i regionane: Det er behov for ein ny gjennomgang av kollektivtilbodet i dei ulike regionane, med særleg vekt på betre intern kommunikasjon og tilbod for unge.

Tilgjenge og heilårsreiseliv: Kollektivtilbodet må tilpassast dei ulike regionane og støtte opp om heilårsreiseliv og mobilitet for både innbyggjarar og tilreisande.

Avslutningsvis

Handlingsplan og evaluering: Ein tydeleg handlingsplan med jamleg rullering og evaluering er avgjerande for å sikre gjennomføring og forbetring over tid.

Likeverdig deltaking: Det er viktig med likeverdig deltaking frå alle regionar, og at næringslivet i heile fylket vert involvert i planarbeidet.

Denne fråsegna vil bli endeleg handsama av Sognaregionen i Sogn IPR sitt arbeidsutval 21. oktober.